

Sporten Fyresdal as
Folkestadgata 3
3870 Fyresdal

Fyresdal 18.02.2025

Fyresdal Kommune
Næringsfondsstyret
Klokkarhamaren 6
3870 Fyresdal

Søknad til Næringsfondet – utvidinga av kjøkkenet på Kafè Hvelvet

Vi ynskjer med dette å kome med ein forespørsel om støtte til utvidinga av kjøkkenet på Kafe Hvelvet gjort i 2024.

Orsaken til utvidinga var at vi såg behovet for eit større kjøkken på Kafe Hvelvet; mykje pga erfaring med «trykket» Fyresdal og Tretoppvegen hadde med turistar og tilreisande sumaren 2023 og for at vi kunne tilfredstille krava frå Mattilsynet.

Vi erfarte at tilbodet til turistane ikkje heilt strakk til og hadde eit ynskje om å opne for å kunne tilby fleire gjester noko å « bite i ».

Vi meiner at besøkande bør få moglegheiten til å få seg både varm og kald-mat, kaffe & kaker, og lunsj med drikke når dei kjem til bygda vår.

Mange har reist langt og forventar at bygda har eit godt tilbod på dette. Om ikkje vil opplevinga kanskje bli mindre god.

Ifbm vår utviding av kjøkkenet på Hvelvet, har vi teke eit rom frå Sporten og dubla arealet til kjøkkenet.

Det som er gjort:

- Fjerna gml vegg for utvidiing til større kjøkken.
- Laga 2 store arbeidsbenkar med investering i ny og større ovn + større og kraftigare ventilator.
- Ekstra kjøleskåp i tillegg til 3 andre.
- Lagt nytt golv og belegg under våtsoner og fulgt krav frå mat-tilsynet med soner for å skilje oppvaskzone og reinsone.
- Vidare har vi også renovera/lagt nye kloakk-rør, ettersom vi har hatt ope for publikum å nytte toaletta tilhøyrande Kafe- Hvelvet.(Vi har hatt besøk av turistar som har spurd om å nytte toaletta utan å vere gjester på Kafeen)Kafe- Hvelvet & Sporten har opplevd ei fin auke i aktiviteten (2023) og har ansatt ein person på fulltid i tillegg til Rebekka og meg; Sigrunn. Vi bidreg og med å gje skuleungdom sumar-jobb og lagt tilrette for arbeidstrening for personar som har kome til kommunen vår.

Håpar dykk ser positivt på søknaden og hjelper oss til å gjere opplevingane endå betre i Fyresdal.

Nedanfor fylgjer oversikt over utgifter og eigeninnsats gjort ifbm ombygginga:

<u>Varer/arbeid</u>	<u>Kostnad u/mva</u>
Ny stor omn og stor ventilator	kr. 34.000,-
Nytt golv- høgtrykkslaminat 25 m2	kr. 8.200,-
Ny stålbenk til reinsona	kr. 4.100
Div materialar i kjøkken, belegg, panel m.m.	kr. 5.800,-
Ny arbeidsbenk på kjøkkenet/ matr.	kr. 33.500,-
Rørleggerarbeid	kr. 10 000,-
Snekkerarbeid 42 t a 480,-	kr. 20.160,-
Eigeninnsats 40 t a kr. 350,-	kr. 14.000,-
Belysning i nytt kjøkken.	Kr 5.000,-
<u>Totalt</u>	<u>kr. 134.760,-</u>

Med helsing Rebekka & Sigrunn